



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Herøy kommune.
Bygging av Tjørnvåg minikraftkraftverk.
Tilleggsfråsegn til konsesjonssøknad.

Møre og Romsdal fylke har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Bakgrunn

Tjørnvåg kraftverk vil utnytte fallet i Tjørnvågelva frå kotehøgde 250 ned til eit kraftverk på kote 10. Opphavleg vart det også søkt om overføring av vatn frå kote 260 til inntak på kote 250 i ein 100 m lukka kanal. Etter det vi forstår er ikkje bekkeoverføring lenger aktuelt.

Vi viser i utgangspunktet til vårt brev av 22.05.2006 (Møre og Romsdal fylke - felles uttale frå Fylkesmannen og fylkeskommunen). NVE har i oversending 22.11.13 bede om ei tilleggsfråsegn fordi uttalen i 2006 kom før naturmangfaldlova trådde i kraft.

Biologisk mangfald

I tillegg til vassdraget og valet av røyrleiingstrase/veg, har biologisk mangfaldrapporten også fokusert på Tjørnvågosen og området ved Nonsvatnet. Vi legg til grunn at inntaket vert nedafor Nonsvatnet og at utløpet vert ovanfor Tjørnvågosen. For desse to områda vurderer vi det slik at kunnskapsgrunnlaget er godt nok. Rapporten gir også eit godt kunnskapsgrunnlag om fuglelivet i utbyggingsområdet, men det er sider ved kunnskapsgrunnlaget om vegetasjon og botanikk som ikkje er slik som vi kan ønske oss.

Det er informert om eit område med ei rad kalk- eller mineralkrevjande planteartar som dels ikkje er påviste i kommunen tidlegare og som er sjeldne i regionen. Det bør kome fram kva naturtype/vegetasjonstype dette gjeld ut frå Miljødirektoratet si kartleggingshandbok for område som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet, eventuelt etter NINA sitt temahefte om vegetasjonstypar i Norge eller etter det nye NIN-systemet. Ein vil då få eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag for å vurdere om det eventuelt finst raudlista naturtypar eller andre spesielt viktige naturtypar i utbyggingsområdet. Vi saknar også ei betre vurdering av naturtypar og vegetasjon i og like ved vassdraget med tanke på konsekvensane av ei redusert vassføring. Vi vil spesielt rå til at det vert fokusert på mosar i fuktige habitat. Vassdraget kan ha eit potensiale for ein del interessante og kanskje raudlista moseartar både på grunn av at det er kystnært, topografien og at det er nordaustvendt.

Det er opplyst at det stort sett er småfossar og fossestryk heile vegen. Vi saknar informasjon om delar av vassdraget stetter dei faglege kriteria for naturtypane fossesprøytsoner eller bekkekløfter.

Det er opplyst at ein del av røyrleiinga går over eit område med terrengdekkande myr. Det bør avklarast om myra kjem inn under naturtypen oseanisk nedbørsmyr med utforminga terrengdekkande myr og som eventuelt bør avgrensas på eit kart.

Rapporten kom i 2004 og det vart såleis ikkje mogleg å legge til grunn korkje raudlista frå 2006 eller den gjeldande frå 2010. I avsnittet om raudlisteartar er det først og fremst dyrelivet som er omtala. I ei ny vurdering bør også potensialet for eventuelle interessante botaniske funn omtalast. Dette som eit grunnlag for ei vurdering etter § 9 i naturmangfaldlova.

Konklusjon

NVE har bede om ei tilleggsfråsegn fordi uttalen i 2006 kom før naturmangfaldlova trådde i kraft.

Med bakgrunn i merknadene ovanfor vil Fylkesmannen rå til at det blir gjennomført ei tilleggsvurdering av biologisk mangfald. Den bør avklare om det finst viktige naturtypar og eventuelle raudlisteartar i utbyggingsområdet, og i tilfellet kva grad tiltaket vil ha konsekvensar for desse.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
seksjonssjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Biologisk mangfald: seniorrådgivar Kjell Lyse, tlf. 71 25 84 26